



**Her skal dåkke få sjå Ulvanåso frå ein annan vinkel! Tordis på holmen og eg hadde oss ein kjempetin fjelltur til Ingahogg fredag.**

Vi starta turen frå skisenteret i Blådalen og følgde traseen til skiheisa opp lia, gjekk til venstre og følgde t-merkinga vidare. Følgde fjellryggen (Vetla Skorafjell?) mellom Bergsstølsvatnet og Nautavatnet opp nordsida av Ingahogg; der var masse snø igjen. Vi klatra opp mellom snøfleckane!

Då vi kom opp på kanten, traff vi to smilande uskedelingar; Marit og Arne Hauge. På toppen, som ligg på 965 m.o.h. ,var det kjempeflott utsikt. Vi såg inn på fonna, rett over til Kyrping m.m. Og Ulvanåso då!

Fyrste gong eg var her var det ei a-ha oppleving for meg: 'Eg såg så klart kva som var Vesletind, Geitadalstindane, Høgeteen og Øktaredalsnuten. Så dette uskedelingar, er det som på folkemunnen heiter Nåso.'

Mellom Geitadalstind og Høgetind ser du litt av Englafjell og heilt til høgre Tysneshorga! Der såg vi (på kartet) mange støylar, kvar gard i Åkrabygda har kvar sin støyl. Dette gav ein sunnmøring lengsel til setra heime. Men det er no i grunnen ein veldig fin natur her i Kvinnherad! Turen til Ingahogg er å anbefale på det varmaste!

Tekst og bilete: Nelly Oline Kjærland